

# BJØRNA FJØRDEN

Felles politisk plattform  
2019-2023



Arbeidarpartiet



Senterpartiet

miljøpartiet  
dei grøne





I kommunestyreperioden 2019–2023 skal vi byggja og drifta Bjørnafjorden kommune. I denne prosessen er det viktig med god styring som sikrar demokratiet og stabil økonomi. Samarbeidspartia Ap, Sp, MDG og KrF vil skapa ein ny kommune som er rusta til å møte utfordringane i tenestetilbodet til innbyggjarane og næringslivet. Vi forpliktar oss til å arbeida for likeverd, likestilling og menneskerettane for alle menneske. Slik får vi eit samfunn med små forskjellar, sterke fellesskap og tillit mellom folk.

Det vert avgjerande med stram økonomistyring for å betra det økonomiske handlingsrommet – slik at vi kan prioritera riktig og oppnå måla våre. Vi kjem difor til å bruka dei store pengane på dei store oppgåvene, og prioritera dei grunnleggjande velferdsoppgåvene framfor dyre prestisjeprosjekt. Noko av det viktigaste vi kan gjera for å styrka kommuneøkonomien er å gjera Bjørnafjorden meir attraktiv – både for menneske og verksemdar. Vi kjem til å føra ein aktiv og tydeleg næringspolitikk for å skapa fleire arbeidsplassar i heile kommunen. Vi vil ha eit sterkt lokaldemokrati med auka innbyggarmedverknad og openheit. Bjørnafjorden skal vera ein inkluderande, grøn og endringsvillig kommune der det skal vera trygt og godt å bu for alle.

Dei fire partia byggjer samarbeidet på tillit og gjensidig respekt for partia sine program og eigenart. Partia kjem til å leggja fram felles budsjett i heile perioden. Vi vil leggja vekt på gode og inkluderande prosessar, der innbyggjarane vert tekne med på råd i saker av stor betydning for deira kvardag. Omsynet til klima, miljø og folkehelse skal visa att i all kommunal verksemd og planlegging. Vi skal ta sterkare politisk styring over vekst og utvikling i Bjørnafjorden, syta for at oppdaterte plan- og lovverk vert følgde og sikra verdifulle naturressursar for framtidens generasjonar.

I arbeidet med plattformen har vi valgt å leggja vekt på korleis samarbeidspartia vil prioritera, kva politisk retning vi ønskjer, og korleis partia samarbeider. Plattformen er meint som eit retnings- og styringsdokument, og ikkje eit dokument som omtalar all dagleg drift av kommunen.

Partia fokuserer på dei lange linjene i politikken, og ser lenger fram enn komande fireårsperiode. Samarbeidskoalisjonen vil søkja å skapa breie fleirtal i kommunestyret.

# Innhald

1	Samfunnsutvikling og samferdsle.....	4
	Samfunnsutvikling.....	4
	Samferdsle .....	4
2	Primærnæringar .....	5
3	Klima og miljø .....	6
4	Oppvekst .....	7
5	Helse og omsorg .....	8
	Folkehelse .....	8
	Personar med nedsett funksjonsevne.....	8
	Rus og psykiske lidingar.....	8
	Eldreomsorg .....	9
6	Næring og arbeid .....	10
	Kommunen som arbeidsgjevar og oppdragsgjevar.....	10
7	Kultur, idrett, tru/livssyn og frivillighet .....	11
8	Ansvarleg økonomisk politikk .....	12
9	Politisk styring, lokaldemokrati og inkludering.....	13





# 1. Samfunnsutvikling og samferdsle

## Samfunnsutvikling

Dei neste åra skal vi styrka Bjørnafjorden sin posisjon som ein attraktiv og sentral region ved Bergen. Omsynet til klima, miljø og folkehelse skal gjennomsyra all kommunal planlegging.

Vi har eit flott kulturlandskap med ei svært lang historie. Her er fjordar og fjell og mange andre naturgjevne kvalitetar. Dette landskapet ønskjer vi å utvikla på ein berekraftig måte. Eit aktivt jord- og skogbruk er ein føresetnad for ei slik utvikling. Vi ønsker føreseieleg, rettferdig og klimatilpassa areal- og næringspolitikk, basert på oppdaterte planverk som gjev trygg framtid både for innbyggjar og utbyggjar. Det betyr også at Bjørnafjorden kommune må sikra offentleg areal for framtida.

Det er eit felles mål at alle skal kunna trivast i Bjørnafjorden kommune, og at kvar generasjon framover skal få gode levekår. Alle som bur i kommunen skal få høve til å bidra til samfunnet rundt seg. Vi må sikra at det blir bygd bustader for ungdom, barnefamiliar, einslege og seniorar. “Leige til eige” og andre statlege bustadsosiale verkemiddel kan hjelpa fleire inn på bustadmarknaden. Samarbeidskoalisjonen skal få vurdert om det er råd å få bygt fleire utleigebustader finansiert gjennom ordningane til Husbanken.

Bjørnafjorden har mange gode møteplassar, som er viktige for trivsel og levande bygder. For at alle krinsane skal få ta del i utviklinga, må vi fortetta der det er naturleg og sikra spreidd bustadbygging der det er mogleg. Det er eit mål at det skal bu folk i alle grender, spesielt vil vi sikra busetnad på austsida av fjorden.

For å realisera betre tenester for innbygarane skal Bjørnafjorden kommune vera offensiv når det kjem til digitalisering. Vi skal gå føre når det gjeld god samhandling mellom innbygarane og kommune.

## Samferdsle

Samarbeidspartia jobbar vidare for å realisera ferjefri kyststamveg gjennom Fusa (E39 indre trasé). Kommunen og regionen vil ha stor nytte av å avløysa ferja mellom Os og Fusa med teneleg veg. Det er ein føresetnad at ein i lokaldemokratiet har mynde til regulering og avgjersler over eige areal.

Bjørnafjorden skal ha eit godt kollektivtilbod. Vi ønsker at kommunen skal vera ein testkommune for on-demand/hent-meg buss slik at vi kan få eit mykje betre tilbod i krinsar med tynt passasjergrunnlag. Vi må sikra vidare utbygging av mobildekning og breiband.

Vi skal jobba strategisk med dei folkevalgte på fylkesnivå for å få framdrift på viktige prosjekt som gul stripe mellom Osøyro og Eikelandsosen, betra ferjetilbod, hurtigbåt i Bjørnafjordsbassenget, tunnel Sævareid/Ekelandsosen, ferdigstilling av Åsen/Helleskaret og andre strekningar der ansvaret ligg på fylkeskommunen.

Bjørnafjorden skal vera godt tilrettelagd for mjuke trafikantar – med særleg fokus på trafikksetjingstiltak rundt skular og barnehagar. Vi kjem til å setja klare krav om infrastruktur og leikeareal før nye bustadområde får godkjenning. For å frigjera areal til vidare samfunnsutvikling og grøntområde skal vi syta for framdrift på parkeringshus i fjell på Osøyro.



## 2. Primærnæringar

Samarbeidspartia går inn for sterkt vern av jordbruksareal. Det er spesielt viktig med samanhengande areal til matproduksjon. Vi skal støtta opp om småskala matproduksjon, gardsturisme og andre aktivitetar, som til dømes Inn på tunet, slik at det bur folk på bruka. Samarbeidspartia vil vera ein pådrivar for klimavenleg landbruk.

Kulturlandskapet skal oppretthaldast med aktiv drift, og vi ønsker at nye bustadfelt blir tilrettelagt med moglegheit for parsellhagar.

Samarbeidspartia skal arbeida for ei meir berekraftig hjorteforvaltning, og få ned talet på hjort som lir ved å redusera minstearealet. Gjæser er blitt eit stort problem for jordbruket og vi vil redusera bestanden.

Bjørnafjorden kommune har store areal med planta skog. For å lukkast med ei aktiv forvaltning av denne skogen må bygging av tømmerkaiar og skogsbilvegar prioriterast. Omsynet til landskap, kulturminne og naturmangfald må ivaretakast.

Oppdrett er ei viktig næring i Bjørnafjorden kommunen. Det er viktig at oppdrett får føreseielege rammevilkår. Bjørnafjorden må ha planar som både syter for teneleg plassering av anlegg og ivaretar allmenta sine interesser i kystsona. Oppdrettsnæringa er i stor endring, og kommunen skal vera ein pådrivar for at oppdrettsanlegga på sikt blir utsleppsfrie.

Samarbeidspartia vil arbeida for betre vilkår for bønder og fiskarar som ønskjer å selja produkta sine lokalt.



## 3. Klima og miljø

Bjørnafjorden kommune skal ta sitt ansvar for måla i Parisavtalen, og sikra livsgrunnlaget til framtidige generasjonar med krav til nullutslepp innan 2030. Kommunen skal følge opp Klima-, energi- og miljøplanen, og nytta klimabudsjett og klimarekneskap for å sikra målbar framdrift. Omsynet til klima, miljø og folkehelse skal gjennomsyra all kommunal planlegging. Kommunen skal arbeida for å nå FN sine berekraftsmål.

God miljøpolitikk handlar og om å ta vare på naturen slik at komande generasjonar kan nytta godt av den. Vi skal gjera tiltak for å ivareta biologisk mangfald og gje dyrelivet gode vilkår. Det er på høg tid at kommunen sluttar med unødvendig eingongsplast, og gjennomfører miljøsertifisering i nye bygg.

Grøn utvikling og godt samarbeid er nøkkelen til ein berekraftig og nyskapande kommune. Vi skal bruka den kommunale innkjøpsmakta vår til å stilla klima- og miljøkrav til leverandørar. Vidare kjem vi til å jobba for å få landstraum til oppdrettsanlegg, og å bruka utsleppsfrie kommunale køyrety. Nye kommunale bygg skal nytta solenergi og annan fornybar energi der det høver, og vi skal vera vera ein pådrivar for at private utbyggjarar skal gjera det same.

Bjørnafjorden kommune skal leggja til rette for at alle innbyggjarane kan delta i det grønne skiftet. Det skal til dømes skje med meir og betre kjeldesortering i kommunen, med grønne stønadsordningar og utlånsentral for sport, fritid og verktøy. Vi skal vidareføra samarbeidet med frivillige organisasjonar om strandryddedag og andre tiltak.





## 4. Oppvekst

Det skal vera trygt å veksa opp i Bjørnafjorden kommune, og born og unge skal ha like moglegheiter for eit godt liv. Vi vil satsa på tiltak og løysingar som kjem alle til gode, og som bidrar til sosial utjamning og auka inkludering.

Fattigdom er eit aukande problem i landet – det vil vi snu i vår kommune. Barnetrygd skal ikkje medføra avkorting i sosialstønad.

Arbeidet mot mobbing startar allereie i barnehagen, og må styrkast og utviklast på alle arenaer der born og unge er.

Barnehagar med god kvalitet er eit viktig bidrag til ein god oppvekst. Vi vil gje barnehagane føreseielege rammer, oppfylla bemanningsnormer og leggja til rette for tidleg innsats for born som treng det. Det er eit mål å få fleire menn og fleire lærlingar i barnehagane i Bjørnafjorden.

Vi vil undersøkje moglegheita for å gjeninnføra kommunal kontantstønad for 2-3-åringar.

Ein skule med god kvalitet er ein skule der elevane opplever tryggleik, meistring og læring. Vi skal støtta skulane i innføring av ny læreplan og i å utvikla betre metodar i undervisninga. Vi ønsker å sjå fleire yrkesgrupper i skulen, og skal styrka meistringsteamet slik at det kan dekkja heile kommunen. Vi skal styrka arbeidet med psykisk helse blant born og unge.

I komande periode skal vi prøva ut gratis frukost til elevar i ungdomsskulen, gjera forsøk med leksefri skule og utvikla trygge skuleveggar. Samarbeidspartia vil oppretthalda eksisterande skule- og barnehagestruktur i fireårsperioden.

Samarbeidspartia ønskjer å vidareføra praksisen med skulegudstenester og markering av høgtider, men presiserer at det skal vera eit godt, likeverdig opplegg til alle elevar.

Samarbeidspartia ønsker å styrka kulturskulen slik at alle som ønskjer det skal få plass. På sikt er det ønskeleg å få til ei ordning med redusert eigenbetaling for dei som treng det.

Vi støttar opp om og skal vidareutvikla samarbeidet mellom kommunale og private skular og barnehagar, og kulturskule, PPT og barnevern, i tillegg til frivillige som ønsker å bidra til god oppvekst. Samarbeidspartia vil ivareta ideelle vidaregåande friskular som Kongshaug Musikkgyminas, og arbeide opp mot fylket og regjering/Storting for å sikra føreseielege rammer.



## 5. Helse og omsorg

Innbyggjarane skal bli møtt med ei trygg og verdig omsorg uansett alder og trong for hjelp.

Kommunen skal ta i mot dei flyktningane som regjeringa ønskjer å busetja i Bjørnafjorden kommune. Vi er opne for å ta imot einslege, mindreårige asylsøkjjarar. I skule og barnehage skal vi prøva ut ei ordning med foreldrefadrar for å sikra god integrering av heile familien.

### Folkehelse

Folkehelsearbeidet er særskild viktig førebygging, og skal gjennomsyra all kommunal planlegging. God helse frå ung alder er verdifullt for både den enkelte og for samfunnet. Samarbeidspartia vil derfor gjera det velfungerande helsestasjon- og helsesjukepleiartilbodet endå betre. Aktivitet heile livet må sikrast gjennom eit godt samarbeid mellom kommunen og lag og organisasjonar.

For å syta for nok legar som kan gje stabile legetenester både som fastlegar og i legevakta, må kommunen verta ein attraktiv arbeidsgjevar og tilretteleggjar. Psykisk helse må få auka merksemd, og talet på psykologar må spegla behovet. Her er lågterskeltilbod særleg viktig.

### Personar med nedsett funksjonsevne

Menneske med nedsett funksjonsevne skal også ha eit verdig og meningsfylt liv. Kvar einskild må i størst mogeleg grad få realisert sitt potensiale med omsyn til læring, fritid, bustad og arbeid. Vi vil jobba for eit tilstrekkeleg tilbod om avlastning og støttekontakt, for fleire tilrettelagde bustadar og for varig tilrettelagde arbeidsplassar (VTA). Vi skal sikra god, brukarstyrt personleg assistent (BPA-ordning) slik at alle får delta i samfunnet i størst mogeleg grad.

### Rus og psykiske lidningar

Vår ruspolitikk er solidaritet med dei som slit, omsorg for dei som har problem og førebygging av rus og skadar. Som samfunn har vi eit ansvar for å redusera skadeverknadane av rusmiddel, og for å gje rusavhengige hjelp til å bli rusfrie og begynna eit nytt liv.

Det førebyggjande arbeidet for å hindra at folk får utfordringar med rus og med psykisk helse skal styrkast i åra som kjem. Samarbeidspartia vil difor gjera Bjørnafjorden kommune til ein "Av-og-til"-kommune. Målet er å førebygga, redusera bruken av rusmidlar og reduserer alkoholskadar. Samarbeidspartia ønsker ein skjenkjepolitikk som vektlegg tilrådingane frå ruskonsulenten. Vi skal vidareføra kravet om å kursa og heva kompetansen for dei som får skjenkjeløyve, slik praksisen er i Fusa i dag. Det skal stillast krav om allmenngjort minstelønn for å få skjenkjeløyve.

Førebygging blant unge er viktig for å hindra rekruttering til rusmiljøet. Kommunen skal gje støtte til frivillige organisasjonar som har kompetanse innan førebygging. Samarbeidspartia vil vera ein pådrivar for rusfrie soner i idrett, kultur- og frivillig arbeid. Det vil gje ungdom høve til utvikling og modning utan rusmiddel. Samarbeidspartia ønsker å gje tilbod om foreldrerettleiing for å hjelpa foreldre til å bli tydelege og trygge ansvarspersonar.

Samarbeidspartia kjem til å prioritera rusomsorg og ivaretaking av individuell oppfølging. Vi ser eit særskilt behov for å styrka ettervernet og gje dei som har klart å bli rusfrie tilstrekkeleg hjelp til at dei held fram med å vera rusfrie. Vi som kommune skal òg ha omsorg og respekt for pårørande og dei utfordringane dei står i.





God psykisk helse er like viktig som god fysisk helse. Kvart år mistar omkring 600 menneske livet i sjølv mord i Noreg. Også i Bjørnafjorden er vi råka av dette. Sjølv mordsførebyggande tiltak nyttar, og samarbeidspartia vil arbeide for ei kommunal satsing for å førebygge sjølv mord.

### Eldreomsorg

Eldreomsorga skal tilpassast innbyggjarane sine behov. For å skapa ei god eldreomsorg i ei tid der det vert fleire eldre, er kompetanseheving eit viktig og effektivt verkemiddel. Det er også avgjerande å tiltrekka seg naudsynt ny arbeidskraft og kompetanse.

Den heimebaserte tenesta blir særst viktig i åra som kjem, og det må leggjast til rette for at folk får bu heime eller i tilpassa bustad så lenge som mogleg. Bruk av ny teknologi og organisering må gjerast slik at både brukar og pårørande kjenner seg trygge og ivaretekne. Velferdsteknologi blir viktig framover, men kan aldri erstatta menneskeleg kontakt og relasjon.

Bjørnafjorden kommune skal vera eit demensvenleg samfunn. Samarbeidspartia vil styrka dagtilbodet for personar med demenssjukdom, og gje god oppfølging og informasjon til pårørande.

Dei tilsette i helse og omsorg skal få meir tid og tillit til å utøva sitt faglege skjønn med meir målretta bruk av kompetanse og ressursar. Difor kjem vi i første omgang til å starta eit prøveprosjekt for å auka grunnbemanninga på enkelte sjukeheimsavdelingar og eventuelt i heimetenesta,

For å fremja god helse og livskvalitet for eldre må vi satsa på god og rett ernæring. Organisering og bemanning rundt måltid og aktivitetar skal betrast, gjerne ved å nytta fleire faggrupper på sjukeheimane våre. Samarbeidspartia vil snarast råd få ferdig utgreiinga om kjøken på Luranetunet, slik at vi kan søka statlege midlar for delfinansiering.

Vi ønsker å styrka samarbeid med frivillige lag og organisasjonar for å få på plass tilbod som kan motverka einsemd og fremja trivsel og livsglede for heimebuande eldre. Vi skal starta opp med prosjekt "Spiseven" for dei som ønsker dette. Tilpassa fysisk aktivitet er viktig, og kommunen skal leggja til rette for lågterskeltilbod og oppfølging slik at fleire eldre kjem i aktivitet.



## 6. Næring og arbeid

Bjørnafjorden kommune skal vera ein attraktiv, sterk og skapande kommune å driva næring i. Vi skal føra ein offensiv og framtidretta næringspolitikk, og vera ein påliteleg partner både for det etablerte næringslivet og for dei som ønsker å starta ny næring.

Vi støttar opp om grunderparkane og vil stimulera til auka vekst og samarbeid, mellom anna med å tilby «heimkontor» i kontorfellesskapa. Det vil også redusera utpendling og transportbehov. Føreseielege rammetilhøve og god infrastruktur er avgjerande for å skapa fleire arbeidsplassar i Bjørnafjorden kommune.

Bjørnafjorden skal vera nytenkande og innovativ slik at næringspolitikk heng tett saman med samfunnsutviklinga. Vi ønsker at fleire har bustaden, fritida og arbeidsplassen sin i kommunen vår.

Kommunen går no inn i ein viktig fase for å realisera dei grønne visjonane som ligg til grunn for Lyseparken. Sjølv om det er urealiserte finansverdiar i området, er det svært viktig at det i prosjektet vert jobba for å opparbeida mange arbeidsplassar som kjem kommunen til gode. Det er viktig å satse vidare på dei fortrinna vi har i prosjektet, og sikra interesse frå aktørar som kan vera med og løfta kommunen vidare.

### Kommunen som arbeidsgjevar og oppdragsgjevar

Bjørnafjorden kommune skal vera ein god arbeidsgjevar, og dei tilsette skal kjenna seg stolte og glade over å arbeida i kommunen. Det er store utfordringar med å rekruttera tilstrekkeleg kompetanse og personell til oppgåvene som ligg føre oss. Dei tilsette er den største ressursen vi har.

For å gjera tenestene betre, skal det vera heilt trygt å koma med innspel til forbedring og utvikling av eigen arbeidsplass.

Å sikra rett person på rett plass, krev god kompetanseplanlegging, aktivt rekrutteringsarbeid og at kommunen jobbar heilskapleg med opplæring, rekruttering og læring. Dette må skje i tett samarbeid og dialog mellom politikarar, administrasjon og tillitsvalde. Samarbeidspartia vil difor arbeide for at kommunen skal stimulera fagpersonell til vidareutdanning til dømes med økonomisk støtte og lønnskompensasjon i samsvar med kompetanse.

Kommunen skal som arbeidsgjevar arbeida for likeløn og mangfald. Bjørnafjorden kommune skal vera ein fleksibel arbeidsgjevar, men skal som hovudregel tilsetje i 100% stillingar.

Bjørnafjorden kommune tar sitt samfunnsansvar når det gjeld lærlingar. Kommunen har som mål å auka talet på kommunale læreplassar markant i perioden, og stimulera til auke i læreplassar i privat sektor. Vidare skal kommunen etablere ein beste praksis for seriositetskrav og nytta denne for offentlege anskaffingar.

Det skal gjennomførast ei uavhengig evaluering av den konkurranseutsette reinhaldstenesta i kommunen og den konkurranseutsette delen av Luranetunet. Denne kunnskapen blir viktig når vi skal planleggja korleis desse tenestene skal utførast i framtida.

Vi ønsker å starta eit pilotprosjekt med bemanningssentral for faste vikarar i Bjørnafjorden kommune. Målet er å sikra brukarane betre tenester, færre personar å forhalda seg til, større stillingsprosentar, lågare sjukefråvær og betre arbeidstilhøve for dei tilsette. Ein slik sentral vil også frigjera meir tid til primæroppgåvene i einingane.



## 7. Kultur, idrett, tru/livssyn og frivillighet

Kunst, kultur, idrett og frivillig arbeid er verdifulle for ein velfungerande kommune. Frivillige lag og einskildpersonar er svært viktige supplement til det offentlege tenestetilbodet. Frivilligheita er med på å skapa dei levande bygdene i Bjørnafjorden kommune. Fysisk aktivitet er òg viktig for livskvalitet, folkehelse og trivsel. Kunst gjev rom for refleksjon, fellesskap og nye perspektiv. Vi ønsker å leggja til rette for eit mangfaldig og tilgjengeleg kultur- og idrettstilbod til alle som bur i kommunen.

Idretten bidreg til identitetsbygging, folkehelse, inkludering og integrering og gode fellesskap. Vi skal sikre gode vilkår for idrett på alle nivå, og ha ein tett og jevn dialog med foreningar og lag.

Private idrettsanlegg kan – når situasjonen tilseier det – bli finansiert etter inspirasjon av Fusa-modellen: 1/3 eigenkapital, 1/3 spelemidlar og 1/3 kommunalt tilskot. Det må skje etter prioritert liste og med ei maksgrense per tiltak.

Vi ønsker at alle skal kunna delta i fritidstilbod, og skal søka staten om å verta forsøkskommune for Fritidskortet.

Kunst i det offentlege rom er viktig. Vi ønsker å støtta opp om lokale kunstnarar og bidra til at både unge og vaksne får oppleva ulike kunstformer. Kommunen må i større grad trekka vekslar på dei profesjonelle kunstnarane vi har lokalt. Vi vil sikre opne og rettvise prosessar for tildeling av kulturmidlar. Unge musikarar skal få tilbod om gratis øvingslokaler.

Tru og livssyn spelar ei viktig rolle i samfunnet vårt, både for fellesskapet og for enkeltmenneske. Den norske kyrkja, kristne forsamlingar og andre trus- og livssynssamfunn har betydning for mange i kommunen. Den norske kyrkja må sikrast føreseielege rammer, og vi kjem til å oppretthalda minst same tenestetilbod som i dag i kyrkjene. Samarbeidspartia ønsker å støtta og nytta seg av tilbod frå kyrkja og forsamlingar, særleg dei som er retta mot foreldre-born, ungdom, småbarnsfamiliar og integreringsarbeid.

For å støtta opp om det viktige arbeidet som alle dei frivillige gjer ønsker vi å oppretta eit vedlikehaldsfond for grendahus/ungdomshus. Vi vil at Oseana skal jobba vidare for å realisera ny aktivitet i Fjellheim.

For å sikra mangfald av aktivitetar og stimulera til engasjement blant unge, legg vi opp til at at komande kommunedelplan for kultur skal innehalde eit ungdomsfond. Målet er at ungdomsrådet eller eit nytt ungdommens kommunestyre skal kunna tildela midlar frå fondet.



## 8. Ansvarleg økonomisk politikk

Samarbeidspartia skal føra ein langsiktig og ansvarleg økonomisk politikk. Vi skal ta styring og gjera klare prioriteringar. Vi er uroa for den økonomiske situasjonen vi som ny kommune går inn i. Lånegjelda er høg og inntektene frå staten går ned. Vi er avhengige av å skapa eit økonomisk handlingsrom for å kunna innfri politikken som er skildra i denne plattformen.

Vi vil søkja å bruka pengane klokt og skal arbeida for å auka inntektene til kommunen. Vi ønsker å redusera bruken av eksterne konsulentar og bemanningsbyrå til fordel for tenester i eigen regi. Vi kjem til å oppretta eit pilotprosjekt med ein kommunal bemanningsentral med faste vikarar. Kommunen skal også bli flinkare til å nytta offentlege anskaffingar til å sikra økonomi, kvalitet og miljø.

Vi skal jobba for å redusera sjukefråveret gjennom målretta tiltak og auka merksemd på arbeidsoppgåver og belastning. På sikt må vi realisera gevinst frå kommunereforma. Samarbeid og tillit til dei tilsette og deira organisasjonar er avgjerande for å nå dette målet.

Auka digitalisering og kloke endringar i arbeidsprosessar blir viktige tiltak for å få gjennomført ein ansvarleg økonomisk politikk. På same vis vil auka merksemd og kunnskap om innkjøp og kontraktsoppfølging gje vinst når vi no blir ein kommune.

Auka skattegrunnlag blir også avgjerande for å auka det økonomiske handlingsrommet i den nye kommunen. Vi skal jobba målretta for å stimulera til næringsutvikling og etablering av arbeidsplassar. Vi kjem til å ta aktive grep i samarbeid med Nav og næringslivet slik at fleire bjørnafjordingar kjem seg ut i jobb, spesielt unge mellom 18-30 år.



## 9. Politisk styring, lokaldemokrati og inkludering

Bjørnafjorden skal vera ein open, transparent og demokratisk kommune med tillit og nærleik mellom innbyggjarane og kommunen.

På vår vakt skal den politiske styringa av Bjørnafjorden vera prega av openheit, nærleik, tilgjenge og høg integritet. Dei folkevalde er ombodsmenneske, og skal leia kommunen på ein aktiv og respektfull måte. Makt og mynde skal spreiaast, og vi vil søkja breitt samarbeid i kommunestyret. Det er vårt felles ansvar å løysa dei store oppgåvene til det beste for bjørnafjordingane.

For å byggja ein god kommune for alle er vi avhengige av engasjerte innbyggjarar, og at folk vert høyrde og involverte i utviklinga av kommunen vår. Eit viktig bidrag blir å sikra gode arbeidskår for det nye ungdomsrådet. Vi skal også syta for at folk med nedsett funksjonsevne får høve til å delta i samfunnslivet og på dei demokratiske arenaene.

Kommunen skal strøyma og lagra video av alle hovudutvalsmøte, og vi skal sjå på høve til å utvida til møte som blir arrangert andre stader. Det er viktig å involvera eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne, lag og frivillige organisasjonar så tidleg som råd i dei kommunale prosessane.

Vi treng å sjå heilskapleg på korleis vi nyttar mellombels utval og komitear i kommunen. Desse ordningane kan vera gode verktøy, men dei må brukast med omhu. Vi ønsker at utval med tilgrensande oppgåver jobbar saman for å skapa best kvalitet for kommunen.

Det er også viktig at vi får engasjert dei nye bjørnafjordingane som flyttar til kommunen. Med eit aktivt integreringsarbeid når vi flyktningar, arbeidsinnvandrarar og dei som kjem til bygdene våre utan familienettverk og vener. Vi skal ta imot alle med entusiasme, glede og respekt – og ønska dei velkomne til flotte Bjørnafjorden kommune!

---

Atle Kvåle,  
Bjørnafjorden Arbeidarparti

---

Terje Sperrevik,  
Bjørnafjorden Senterparti

---

Nils-Anders Nøttseter  
Miljøpartiet Dei Grøne Bjørnafjorden

---

Bjarte Samnøy,  
Bjørnafjorden Kristeleg Folkeparti

